

Årsmelding ferjelaget Skånevik

MF Skånevik har vert utleigd til TheFjords DA heile 2019. Den har gått i dagleg sommarute Kaupanger - Gudvangen, og vinterrute Kaupanger - Frønningen 3 dagar i veka fra september til mai.

Drivstofftilførsel.

Me har i løpet av 2019 hatt ein rekke problemer med drivstofftilførsel som først og fremst har skuldast manglande rutinar på ein del vedlikehald. Ansvar for dette ligg på både leigetakar og på Ferjelaget.

Etter verkstadopphald i Solund vart verken botntankane eller dagtank reingjorde sjølv om me var fakturerte for det. Dette medførte mange kanselleringar for leigetakar, og det spreidde seg skepsis blant mannskap og leigetakar om fartøyet var noko å satse på framover. Dersom leigetakar hadde inspisert dagtank, hadde problemet blitt løyst raskt, men å kun skifte filter og ikkje reingjera tankar har kortsiktig effekt når det er dieseldyr i systemet. Ferjelaget tok kostnaden med å reingjere tankane, og The Fjords tok kostnaden med kanselleringane, dobbelt mannskap, og brennolje som vart destruert. Når problema med brennolje vart utbetra, gjekk alt betre og betre. Motivasjon blant mannskapet og leigetakar auka raskt.

Propell/framdriftsproblemer.

Skånevik fekk ikkje stigning på BB propell. Me kom på vekstad i Florø utan at dei fant ut av det. Me enda på Rubbestadneset der feilen ikkje vart avdekt før Håkon Kvarven fant feilen og fekk avverga påbegynt akseltrekk.

Riksantikvaren og stålarbeid.

Me har fått innvilga tilskot til å utbetre begge ankervinsjar med fundament, rekkestøtter og bugport. Det nye hjå RA er at det uansett lyt søkast om dispensasjon for alt arbeid på freda fartøy. Dette er for det meste positivt då hensikten er å sikre mest mogleg dokumentasjon om historie og vedlikehald til fartøyet. Det negative er at det medfører ekstraarbeid før arbeidet kan utførast.

Arbeidet er utført våren 2020.

Montering av ny radar.

Me søkte om dispensasjon for å montere ny radar, eventuelt behalde gamal radar og sette opp ein ny, men mindre synlig/mindre radar. Etter 7 mnd fekk me positivt svar på søknaden. Radar er ikkje kjøpt.

Alarmanlegg maskineri.

Alarmanlegget på HVM og hjelpemotorane er overhaldt. I tillegg er det montert panel på brua utan at me vart informert om dette. Panelet er ikkje innfelt, og montasjen er reversibel utan spor. Det er likevel negativt at slikt skjer utan at me får diskutere det med RA i forkant.

Usikker framtid

TheFjords DA har signalisert at det er usikkert om leigeavtalen vert fornya. Årsaken til det er at dei er «fanga» av leigeavtale med både Norled og Fjord1 i leige av andre fartøy. Dei ynskjer å fornye avtalen med Skånevik fra hausten dersom dei kjem seg fri avtalen med Fjord1. Leigeavtalen er oppsagt pr. 30. juni, men dei ynskjer å kunne ha Skånevik som reservefarøy mot at dei betalar leige om dei brukar den, men held ettersyn, kaileige, straum og varme. Me trur dette er ei grei løysing inntil vidare.

Framtidsutsikter

Dersom TheFjords ikkje ynskjer å leige Skånevik for 2021, har me moglegheiter for å gå i turistrute på 3 ulike samband sjølv om det medfører ein liten risiko for redusert inntjening.

Styrets arbeid.

Styret har kun hatt 2 styremøter (inkludert eit i forkant av årsmøtet), men hatt jernleg epostdialog og informasjon om kva som skjer.

9. juni 2020.

Arne Glenn Flåten
-leiar-